

ARKITEKTKONTORET BØRTVEIT & CARLSEN AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Dato	15.09.2022
Vår referanse	2022/51271-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5478 - gnr. 485 bnr. 7 - Vetås nordre - Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune med oversending av søknad om dispensasjon frå byggegrense datert 17.08.2022. Vi viser også til søknad om dispensasjon frå byggegrense datert 08.07.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg 5478 Vetås nordre for legge om vegtraseen for ein eksisterande privatveg. Alver kommune har sett eit vilkår i sitt vedtak som lyder «Vegen har tilkomst frå fylkesveg 5478. Avkøyrsla skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan»

I søknaden blir det bede om retningslinjer for praktisk gjennomføring av tiltaket så nære fylkesvegen og om det vil vera deling av tiltaket mellom fylket og privat aktør og kostnadar.

Å opparbeide avkøyrsla etter reguleringsplanen er eit godt tiltak for å sikre god tilkomst og siktforholda på staden som er viktig for trafikktryggleik.

Det kan vera naudsynt med gravegøyve og arbeidsvarsling, sjå;

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/>

Kostnadar ved oppgradering av avkøyrsla må tiltakshavar dekke sjølv. Eventuelt kan tiltakshavar avvente til fylkeskommunen sjølv skal bygge i samsvar med reguleringsplanen, men dette er ikkje eit prosjekt som ligg i vår handlingsplan for utbetring av vegar.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5478 Vetås Nordre for å legge om vegtrase for eksisterande privatveg på gnr. 485 bnr. 7 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 08.07.2022.
2. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsla må følgjast.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.

4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5478.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse 4 – Lokalveg jf. Rammeplan 2021-2024.

Tiltaket vil medføre ei utbetring av avkøyrsla og då tilkomst til eigedomane som vi meiner er positivt for trafikktryggleiken og vi gjev difor dispensasjon frå byggegrensa.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen

senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 situasjonsplan_norgeskart-utskrift_(74).pdf.pdf
- 2 Situasjonsplan_1-1000.pdf.pdf
- 3 situasjonsplan_A1-002_-_Vegtrase.pdf.pdf

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4